

	Tilsynsrapport etter samtidig tilsyn ved Trøim renseanlegg i Hemsedal kommune	Endeleg Rapport nr. 22/08
---	--	---

Post- og besøksadresse:	3560 Hemsedal	Dato for tilsynet:	5. juni 2008
Organisasjonsnr.:	964 952 701	Førre tilsyn:	21. mars 2006
Kommune:	0618 Hemsedal	Rapportdato:	10. juni 2008
Saksnr.:	461.2	Talet på sider i rapporten:	5
Arkivnr.:	2008/010.I.MVABU		
Internt rapportnr.:	08/4048		
Kontaktperson i verksemda:	Bjørn Viken		
Til stades frå verksemda:	Bjørn Viken John Ole Sørsveen Ingar Nergård	Til stades frå tilsynsmyndigheitenes kontrollgruppe:	Anders Hølto (eltilsynet) Håkon Dalen (Fylkesmannen i Buskerud)

1. Innhald i rapporten

Rapporten omhandlar avvik, merknader og andre forhold som vart avdekka ved tilsynet.

2. Hovudkonklusjon

Vi fant ved tilsynet to avvik og ein merknad. Avvika gjaldt manglande skriftleg risikovurdering og mangelfullt avvikshandteringssystem. Merknaden gjaldt eigenkontroll og rutinar for gjennomgang av det elektriske anlegget.

Trøim renseanlegg syntest ved inspeksjonen som veldrevet, oversiktleg og med god orden. Anlegget har vore igjennom ein periode med renovering, men frå hausten 2007 har drifta vore tilnærma normal. Trøim renseanlegg kan dokumentere god reinseeffekt for fosfor (95 %) og svært god reinseeffekt for organisk stoff i 2007.

3. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter eit tilsyn ved Trøim renseanlegg i Hemsedal kommune. Tilsynet inngår som ein del av dei planlagde samtidige tilsyna i regionen for 2008.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS-arbeidet) ved verksemda fungerer tilfredsstillande. Tilsynsmyndigheita fokuserte spesielt på områder som har betydning for verksemda si praktiske gjennomføring av internkontroll innan HMS.

Tilsynet omfatta blant anna undersøking av om:

- verksemda sitt system for internkontroll innan HMS er hensiktsmessig og dekkande
- aktivitetar utføres slik som skrive og uttalt
- verksemda når måla sine og driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene som myndigheitene har satt

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dei dokumenta som beskriv HMS-aktivitetane som verksemda skal utføre og dokumentere. Granskinga vart gjennomført i møte med sentralt plasserte personar i organisasjonen. Tilsynet omfatta også ein inspeksjonsrunde på anlegget.

Rapporten omhandlar avvik, merknader og andre forhold som vart avdekka ved tilsynet.

Avvik definerast som brot på krav fastsett i eller i medhald av HMS-lovgivinga.

Merknad er forhold som ikkje omfattas av definisjon for avvik, men som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik.

4. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- aktuelle lover og forskrifter
- dokumentasjon frå tidligare tilsyn som tilsynsetatane har gjennomført i verksemda
- verksemda sin eigen framlagte dokumentasjon om dagleg drift og forhold med relevans for helse, miljø og tryggleik
- utsleppsløyve for avløpsvatn inkludert overvatn frå Hemsedal kommune av 19. september 2003 (anlegget sin utsleppsløyve)

Særleg aktuelle lover og forskrifter er som følgjer:

- Forskrift nr. 1127 av 12. juni 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Lov nr. 6 av 13. mars 1981 om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) med forskrifter
- Lov nr. 4 av 24. mai 1929 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr (el-tilsynsloven) med forskrifter

Nyaste utgåve av lover og forskrifter finnast på www.lovdato.no og www.regelhjelp.no.

5. Avvik

Avvik 1

Verksemda mangla ein grundig vurdering av risiko for fare for ureining av det ytre miljø.
Verksemda mangla òg risikovurdering på el-området.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 6.

Kommentarar

Frå Fylkesmannen:

Verksemda sine representantar bekrefta ved tilsynet at Trøim avløpsanlegg mangla ein vurdering av risiko for fare for ureining av det ytre miljø. Anlegget vert tilsynelatande drifta bra og dokumenterar god reinseeffekt for fosfor og svært god reinseeffekt for organisk stoff i 2007. Vi meiner likevel det er viktig at verksemda har ei grundig risikovurdering som grunnlag for internkontrollen sin, og at aktiv bruk av internkontrollen vil bidra til å gjere drifta endå betre.

Verksemda må syte for at det vert gjort ei risikovurdering for tilførselsnett og for reinseanlegget, og at det vert utarbeida tilhørande planer og tiltak for å eventuelt redusere risikoforholda. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg.

Avvik 2

Verksemda hadde et mangelfullt avvikshandteringssystem.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5, 2. ledd punkt 7.

Kommentarar

Frå eltilsynet:

Verksemda kunne ved tilsynet ikkje dokumentere at den hadde avtale med elektroinstallatør. Verksemda må kunne dokumentere avtale med elektroinstallatør og kunne dokumentere gjennomførte kontroller, jamfør forskrift om kvalifikasjoner for elektrofagfolk §§ 11 og 13.

Frå Fylkesmannen:

Verksemda latar til å ha gode rutinar for å fange opp og handtere avvik i den daglige drifta. Jamlege møter og tett kontakt mellom medarbeidarane på avløpsområdet er med på å sikre god kommunikasjon om avvik og avvikshandtering. Men skriftlig dokumentasjon på avviksområdet manglar.

Følgjande funn ved tilsynet kan tene som eksempel på kva eit velfungerande avvikssystem bør fange opp: Verksemda sine representantar opplyste ved tilsynet at dei ikkje har fullstendig registrering av overløpsutslepp frå tilførselsnett til Trøim rensanlegg. Ifølge verksemdas utsleppsløyve vedlegg 1 punkt 2.3 og 2.4 skal overløp og kritiske utslepp av overvatn bereknast/målast, og utslepp skal dokumenterast. Utslepp frå overløp kan utgjere ein betydeleg prosentdel av samla utslepp frå eit avløpsanlegg (= reinseanlegg + avløpsnett). Det

er difor viktig å ha god kontroll på mengde avlaupsvatn som går ureinsa til resipienten via overløp.

Trøim renseanlegg må sette i verk tiltak som gjer at anlegget får registrert overløpsutslipp, og som gjer at systemet for avvikshandtering ved anlegget vert i samsvar med internkontrollforskriften.

Retting av avvik

Verksemnda plikter å rette avvika. Vi ber om å få ei skriftlig melding når forholda er brakt i orden, saman med opplysningar om kva som er gjort for å rette avvika.

Frist for retting av avvika og for skriftleg tilbakemelding: 1. desember 2008.

6. Merknader

Merknad 1

Ved tilsynet mangla det dokumentasjon på eigenkontroll av det elektriske anlegget. Verksemnda mangla òg rutinar for regelmessig gjennomgang av anlegget med sjekklister.

7. Oppsummeringsmøte

Ved oppsummeringsmøtet vart avvik og merknader gjennomgått, og prioriteringar av tiltak drøfta. Det var semje om at verksemnda skal finne løysingar for å forbetre systemet for å ivareta HMS-arbeidet med utgangspunkt i rapporten, og at verksemnda vil syte for systematisk å vedlikehalde eigne rutinar for HMS-arbeidet til einkvar tid.

8. Diverse

PCB

Informasjonsark 2394/2008 om PCB frå Statens forurensningstilsyn vart delt ut ved tilsynet. Ifølge virksomhetens representantar er det ikkje lysarmaturar med PCB-haldige kondensatorar i bruk ved anlegget. Det ble vidare opplyst at anlegget vart bygd i 1983, og at det ikkje er PCB-haldige vindauge i anlegget.

For Fylkesmannen i Buskerud og for tilsynsgruppa

Håkon Dalen

Tilbakemeldingar frå verksemda sendast per e-post til hda@fmbu.no (Håkon Dalen)

Adresse ved bruk av ordinær post:

Fylkesmannen i Buskerud
Att. Håkon Dalen
Postboks 1604
3007 Drammen

Kontaktpersonar for fagspørsmål etter tilsynet:

Namn	e-post	Telefon sentralbord	Direkte telefon/mobil	Telefaks
Håkon Dalen (Fylkesmannen)	hda@fmbu.no	32 26 66 00	32 26 68 26 / 414 72 361	32 26 66 52
Anders Hølto (Hemsedal Energi)	anders@hemsedal-energi.no	31 40 88 88	31 40 88 86 481 32 133	31 40 89 04

Kopi til: Eltilsynet v/Anders Hølto, Hemsedal Energi, Hemsedal